

Møteprotokoll for Plan- og miljøutvalet

Møtedato: 14.05.2014
Møtestad: Kantina, rådhuset
Møtetid: 12:00 – 13:30

Synfaring:

kl. 09:00 Eikanger nedre saknr. 054/14

ca kl. 10:00 Gjervik Ytre saknr. 055/14

Orientering:

kl. 10:30 - Planstrategi v/Einingsleiar Tor Hegle

Diverse merknader:

Sak 066/14 vart handsama etter sak 055/14, sak 054/14 vart handsama etter sak 066/14.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Medlem
Ingrid Hindenes	H	Nestleiar
Jan-Erik Hope	H	Utvalseiar
Kåre Romarheim	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Halvard Rydland	H	Medlem
Henriette Mjøs	FRP	Medlem
Kjetil Gjerstad	SP	Medlem
Marit Tømmermo	AP	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Alf Angelskår	KRF	Varamedlem
Anita Høgquist	FRP	Varamedlem
Ingrid J.Fjeldsbø	H	Varamedlem
Leidulv Brunborg	AP	Varamedlem
Torgeir Arne Lid	SP	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-rådmann, Tor Hegle-einingsleiar, Arnold Matre-fagleiar plan, Siril Sylta-fagleiar byggjesak, Christian Reinshol-aralplanleggjar, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
050/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
051/14	Godkjenning av møteprotokoll
052/14	Delegerte saker
053/14	Referatsaker
054/14	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for bruk av eigedommen til bustadføremål - gbnr 213/18 Eikanger nedre
055/14	Klage på avslag på søknad om rammeløyve for oppføring av tilbygg til og fasadeendring av bustad - gbnr 188/135 Gjervik ytre
056/14	Klage på vedtak om stoppordre - gbnr 99/4 Våge
057/14	Omadressering - fastsetjing av ny vegparsell og vegnamn Konglevoll
058/14	Fastsetjing av vegnamn i reguleringsplan - Helleåsen - Hjelmås
059/14	Fastsetjing av vegnamn - for Padøy og Haukøy - Vikanes
060/14	Vegnamn - Fjellsendevegen - ny vegparsell frå Soltveit nordre til Fjellsende mot Vetås
061/14	Namnesak - Votno - gbnr 170 - Vatne - Seim
062/14	Namnesak - gbnr 102 - Vadbuvegen - Vabø
063/14	Namnesak - Dyrkollbotnen - gbnr 247 - Dyrkolbotn
064/14	Klage over avslag på løyve til deling av areal til to nausttomter - gbnr 137/288 Alver
065/14	Klage på eigengodkjent reguleringsplan Alverflaten, gbnr 137/188, plan-ID 1263-201111
066/14	Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl.
067/14	Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl.
068/14	2. gangs handsaming av reguleringsplan Hordasmibakken, gbnr 137/46, 59 og del av 705 m.fl
069/14	2. gangs handsaming av mindre reguleringsendring Tveiten, Garveritomta

050/14: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og saksliste vert godkjent

Handsaming:

Merknad til innkallinga: Å finna innkallingar til politiske møter er vanskeleg for publikum, ei oppskrift på dette bør liggja på heimesida. Politikarane må også få innkallingane i tide.

Samrøystes.

Vedtak i PMU - 14.05.2014:

Merknad til innkallinga: Å finna innkallingar til politiske møter er vanskeleg for publikum, ei oppskrift på dette bør liggja på heimesida. Politikarane må også få innkallingane i tide.

051/14: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokollen vert godkjent

Handsaming:

Møteprotokoll en frå møte 02.04.2014 vart samrøystes godkjent.

Vedtak i PMU - 14.05.2014:

Møteprotokoll en frå møte 02.04.2014 er godkjent.

052/14: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldinga vert teke til orientering

Handsaming:

Meldinga vert teke til orientering.

Samrøystes.

Vedtak i PMU - 14.05.2014:
Meldinga er teke til orientering.

053/14: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldinga vert teke til orientering

Handsaming:

Meldinga vert teke til orientering.

Vedtak i PMU - 14.05.2014:
Meldinga er teke til orientering.

054/14: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for bruk av eigdommen til bustadforemål - gbnr 213/18 Eikanger nedre

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune gjev avslag på søknad om dispensasjon frå i kommuneplanens arealdel for bruk av

eigedommen til bustadformål, jf. pbl § 11-6, jf. § 19-2.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Fellesframlegg v/Kåre Romarheim-Krf:

Eigedommen er i kommuneplanen regulert til offentleg/privat tenesteyting på grunn av eigedomens bruk på det tidspunkt kommuneplanen vart laga. Dåverande bruk er no opphøyrte og det er ynskje frå noverande eigar å benytte eigedommen til bustadformål. Plan- og miljøutvalet meiner at eigedommen er betre å utnytte til bustadformål enn til offentleg / privat tenesteyting. Plan- og miljøutvalet ser imidlertid store utfordringar med å få gjennomført bruksendring av eksisterende bygningsmasse til bustadformål. Plan- og miljøutvalet gjer oppmerksom på at ei bruksendring må fremmast som egen sak og at oppfylling av relevante krav i lov og forskrift må dokumenterast i den forbindelse.

Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon frå gjeldande arealformål og gjev løyve til at eigedommen kan nyttast til bustadformål.

Handsaming:

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Fellesframlegget v/Kåre Romarheim-Krf vart samrøystes vedteke.

Vedtak i PMU - 14.5.2014:

Eigedommen er i kommuneplanen regulert til offentleg/privat tenesteyting på grunn av eigedomens bruk på det tidspunkt kommuneplanen vart laga. Dåverande bruk er no opphøyrte og det er ynskje frå noverande eigar å benytte eigedommen til bustadformål. Plan- og miljøutvalet meiner at eigedommen er betre å utnytte til bustadformål enn til offentleg / privat tenesteyting. Plan- og miljøutvalet ser imidlertid store utfordringar med å få gjennomført bruksendring av eksisterende bygningsmasse til bustadformål. Plan- og miljøutvalet gjer oppmerksom på at ei bruksendring må fremmast som egen sak og at oppfylling av relevante krav i lov og forskrift må dokumenterast i den forbindelse.

Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon frå gjeldande arealformål og gjev løyve til at eigedommen kan nyttast til bustadformål.

055/14: Klage på avslag på søknad om rammeløyve for oppføring av tilbygg til og fasadeendring av bustad - gbnr 188/135 Gjervik ytre

Rådmannen sitt framlegg:

Lindås kommune sitt vedtak datert 27.02.2014 vert oppretthaldt, klagen vert ikkje tatt til følge.
Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vedtaket.

Dersom Plan- og miljøutvalet finn grunnlag for å ta klagen til følge, må det setjast vilkår om at ingen delar av tilbygga skal plasserast i strid med byggjegrensa mot sjø.

Fellesframlegg v/Kåre Romarheim-Krf:

Plan- og miljøutvalet har vurdert søknad, administrativt avslag og klage på avslag i saka. Plan- og miljøutvalet vurderer omsøkt tiltak til å inneha gode visuelle kvalitetar. Plan- og miljøutvalet kjem klagar i møte.

Handsaming:

Utvalet var på synfaring før møtet starta.
Fellesframlegget v/Kåre Romarheim-Krf vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Plan- og miljøutvalet har vurdert søknad, administrativt avslag og klage på avslag i saka. Plan- og miljøutvalet vurderer omsøkt tiltak til å inneha gode visuelle kvalitetar. Plan- og miljøutvalet kjem klagar i møte.

056/14: Klage på vedtak om stoppordre - gbnr 99/4 Våge**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Lindås kommune sitt vedtak datert 12.03.2014 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje tatt til følge.

Som grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i PMU - 14.05.14:

Lindås kommune sitt vedtak datert 12.03.2014 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje tatt til følge.

Som grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

057/14: Omadressering - fastsetjing av ny vegparsell og vegnamn Konglevoll**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vegparsell fram til garden Konglevoll får endra vegnamn frå Lindåsvegen til Konglevoll

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Vegparsell fram til garden Konglevoll får endra vegnamn frå Lindåsvegen til Konglevoll.

058/14: Fastsetjing av vegnamn i reguleringsplan - Helleåsen - Hjelmås**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vegnamn frå Leknesvegen og inn i reguleringsplan Helleåsen får namnet Helleåsen

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Vegnam frå Leknesvegen og inn i reguleringsplan Helleåsen får namnet Helleåsen.

059/14: Fastsetjing av vegnamn - for Padøy og Haukøy - Vikanes**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Øyane Padøy og Haukøy v/Vikanes får vegnamnet Padøy og Haukøy

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Øyane Padøy og Haukøy v/Vikanes får vegnamnet Padøy og Haukøy.

060/14: Vegnamn - Fjellsendevegen - ny vegparsell frå Soltveit nordre til Fjellsende mot Vetås**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Den nye vegparsellen får namnet Fjellsendevegen fram til Soltveit nordre

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Den nye vegparsellen får namnet Fjellsendevegen fram til Soltveit nordre.

061/14: Namnesak - Votno - gbnr 170 - Vatne - Seim

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vegnamnet Votno vert endra til Vatne

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Vegnamnet Votno vert endra til Vatne.

062/14: Namnesak - gbnr 102 - Vadbuvegen - Vabø

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vegadressenavnet vert endra frå Vadbuvegen til Vabøvegen.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Vegadressenavnet vert endra frå Vadbuvegen til Vabøvegen.

063/14: Namnesak - Dyrkollbotnen - gbnr 247 - Dyrkolbotn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vegnamnet vert endra frå Dyrkollbotnen til Dyrkolbotn

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Vegnamnet vert endra frå Dyrkollbotnen til Dyrkolbotn.

**064/14: Klage over avslag på løyve til deling av areal til to nausttomter - gbnr 137/288
Alver**

Rådmannen sitt framlegg:

Klagen over administrativt vedtak datert 03.02.2014 er vurdert og dei framsette momenta er drøfta. Lindås kommune kan ikkje sjå at det er komme fram moment i klagen som gjev grunn til å endre det administrative vedtaket. Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kravet om reguleringsplan, eller frå byggeforbodet i strandsona.

Framlegg frå Ingrid Hindenes-H:

Saka blir utsett for å få på plass bedre saksutgreiing.

Handsaming:

Framlegget frå Ingrid Hindenes-H vart samrøystes vedteke.

Merknad: Det bør vere kart med som vedlegg i alle delingssaker.

Vedtak i PMU - 14.05.2014:

Saka blir utsett for å få på plass bedre saksutgreiing.

065/14: Klage på eigengodkjent reguleringsplan Alverflaten, gbnr 137/188, plan-ID 1263-201111

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet opprettheld kommunestyret sitt vedtak om å godkjenne planen, jf sak 102/13 i møte den 12.12.2013. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i PMU - 14.05.14:

Plan- og miljøutvalet opprettheld kommunestyret sitt vedtak om å godkjenne planen, jf sak 102/13 i møte den 12.12.2013. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

066/14: Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl.**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl. ut til offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Sikker tilkomst frå bustadblokkene over til leikeplass f_LP1 må visast i plankart og/eller sikrast betre i føresegnene, jf. saksutgreiinga under.
2. Nemninga «Bygg og anlegg» er ikkje endra i teiknforklaringa og skal endrast til «Bustad og anlegg».

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i PMU - 14.05.14:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Haghaugen felt B, gbnr 134/466 m.fl. ut til offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Sikker tilkomst frå bustadblokkene over til leikeplass f_LP1 må visast i plankart og/eller sikrast betre i føresegnene, jf. saksutgreiinga under.
 2. Nemninga «Bygg og anlegg» er ikkje endra i teiknforklaringa og skal endrast til «Bustad og anlegg».
-

067/14: Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl. ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

1. Nemningar i plankart og føresegner må rettast opp slik at det er samsvar mellom desse, jf. mellom anna gjennomgang i saksframlegget.
2. Det skal leggjast inn minimum 0,5 meter anna vegareal langs tilkomstveg f_KV1, med unntak av dei stadane det allereie er etablert bygg heilt inntil den regulerte vegkroppen.
3. For å sikre at snuhammaren ved BF4 vert dimensjonert for lastebil må det på plankartet teiknast inn minimum 9 m svingradius på kvar side.
4. Kryssing for mjuke trafikantar på f_FTA må ved føremål LB flyttast til eit mindre konfliktfylt punkt.
5. Fjerne avkøyrslerpilar mot f_KV1 i BKS2 og langs ubebygd område i BF2. Det må anten lagast eigne avkøyrslar inn i områda eller sikrast i føresegnene at desse områda skal ha felles avkøyrslar for bustadane.
6. Pkt 2.6.7 må endrast til *Tilleten maksimal mønehøgd er 9 meter over gjennomsnittleg planert terreng.*
7. Siste setning i pkt 2.9.2 må endrast til *Tilrettelegginga skal gjerast etter på førehand godkjend situasjonsplan for feltet.*

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i PMU - 14.05.14:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl. ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

1. Nemningar i plankart og føresegner må rettast opp slik at det er samsvar mellom desse, jf. mellom anna gjennomgang i saksframlegget.
2. Det skal leggjast inn minimum 0,5 meter anna vegareal langs tilkomstveg f_KV1, med unntak av dei stadane det allereie er etablert bygg heilt inntil den regulerte vegkroppen.
3. For å sikre at snuhammaren ved BF4 vert dimensjonert for lastebil må det på plankartet teiknast inn minimum 9 m svingradius på kvar side.
4. Kryssing for mjuke trafikantar på f_FTA må ved føremål LB flyttast til eit mindre konfliktfylt punkt.
5. Fjerne avkøyrslerpilar mot f_KV1 i BKS2 og langs ubebygd område i BF2. Det må anten lagast eigne avkøyrslar inn i områda eller sikrast i føresegnene at desse områda skal ha felles

- avkøyrsløse for bustadane.
6. PPkt 2.6.7 må endrast til *Tilleten maksimal mønehøgde er 9 meter over gjennomsnittleg planert terreng.*
 7. Siste setning i pkt 2.9.2 må endrast til *Tilrettelegginga skal gjerast etter på førehand godkjend situasjonsplan for feltet.*

068/14: 2. gangs handsaming av reguleringsplan Hordasmibakken, gbnr 137/46, 59 og del av 705 m.fl

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Hordasmibakken, gbnr 137/46, 59 og del av 705 m.fl., på følgjande vilkår:

1. Plankart datert 10.04.2014 og føresegner datert 02.05.2014 vert lagt til grunn.
2. Før planen vert kunngjort vedteken skal plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Hordasmibakken, gbnr 137/46, 59 og del av 705 m.fl., på følgjande vilkår:

1. Plankart datert 10.04.2014 og føresegner datert 02.05.2014 vert lagt til grunn.
2. Før planen vert kunngjort vedteken skal plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard.

069/14: 2. gangs handsaming av mindre reguleringsendring Tveiten, Garveritomta

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, godkjenner kommunestyret mindre reguleringsendring for reguleringsplan Tveiten Garveritomta, gbnr 138/21 m.fl., på følgjande vilkår:

1. Føresegner datert 30.04.2014 og plankart datert 17.12.2013 (kartlag 1-3) og 10.04.2014 (kartlag 4) vert lagt til grunn.
2. Før planen vert kunngjort godkjent må plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i PMU - 14.05.2014

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, godkjenner kommunestyret mindre reguleringsendring for reguleringsplan Tveiten Garveritomta, gbnr 138/21 m.fl., på følgjande vilkår:

1. Føresegner datert 30.04.2014 og plankart datert 17.12.2013 (kartlag 1-3) og 10.04.2014 (kartlag 4) vert lagt til grunn.
 2. Før planen vert kunngjort godkjent må plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.
-